


Seljord Arbeiderparti

Valprogram 2023 - 2027




Arbeiderpartiet

- Arbeiderpartiets grunnverdiar er likeverd og likerett, utjamning og fordeling
- Verdiskaping og sysselsetting er fundamentet for velferd og busetjing.
- Utvikling av heile kommunen er ein grunnleggande ambisjon
- Utvikling skal vera basera på prinsippa om berekraft for å styrke grunnlaget for framtidige generasjonar

Arbeiderpartiet vil:

- Arbeide aktivt for å legge til rette for nye, og sikre eksisterande arbeidsplassar
 - Oppretthalde god service og kvalitet på alle kommunale tenester
- Arbeide for god tilgang på attraktive bustadtomter i heile kommunen , og eit variert bustadtilbod
- Marknadsføre heile kommune som eit attraktiv turistmål og ein god næringskommune.
 - Styrke og utvikle det interkommunale samarbeidet
 - Utvikle ein velfungerande og trygg kommune
 - Satse på førebyggjande arbeid
 - Styrke tilliten mellom befolkning , administrasjon og politikarane
 - Forenkle planarbeidet og planprosessane
 - Etablere meir fornybar energi
 - Senke dei kommunale avgiftene
- Busetta flyktningar på eit nivå som tenestenivået i kommunen kan handtere
 - Satse på fagutvikling hjå alle tilsette i kommunen
 - Ha ein god personalpolitikk, i samarbeid med tillitsvalde
 - Behalde og rekruttere tilsette
 - Sei nei til privatisering av basistjenester
 - Fylgje Telemarksmodellen ved innleige av arbeidskraft



Helse og omsorg

Helse og omsorg er ei av dei største oppgåvene kommunen har ansvaret for og er viktig for alle, uansett alder. Seljord kommune har i dag gode tenester og tilbod innanfor desse områda og Arbeiderpartiet vil vidareføre dette. Det at alle skal få den hjelpa dei treng og til den tida det er behov for, er ein ufråvikeleg ambisjon. Det skal vera trygt å bu i Seljord kommune uansett alder, helse og omsorgsbehov. Kommunen må ha dei tilbod som er nødvendig for å nå dette, i tråd med vedteken helse- og omsorgsplan

Arbeiderpartiet vil :

- Styrke tenestene i tråd med etterspurnad og fagleg vurdering
 - Etablere produksjonskjøkken på Nesbukti
- Styrke det førebyggjande arbeidet og rehabiliteringstilbodet
- Gjennomgå alle helsebygga og gjera dei endringar /opprustingar som er nødvendige
 - Auke grunnbemanninga
- Vurdere moglegheitene til å etablere heimevaktmesterteneste




Barnehage og grunnskule

Barn og unge er Seljord si framtid. Alle foreldre skal vera sikre på at barn og unge får ein god og trygg oppvekst. Barnehage, grunnskule og skulefritidsordning (SFO) er av dei viktigaste oppgåvene kommunen har ansvar for. Me må gje alle våre unge ein god start i livet, med grunnidear som likeverd og likerett. At alle skal ha den same retten til og moglegheita til ein god barnehage og grunnskule, er for Arbeiderpartiet grunnleggande. Innhald og kvalitet i barnehage og grunnskule må ha eit kontinuerleg fokus, for å oppnå dei ambisjonane om å gje våre unge best mogeleg utgangspunkt i livet.

Arbeiderpartiet vil:

- Legge til rette for tilpassa opplæring gjennom praktisk undervisning
 - Gjennomføre ei oppgradering av Seljord skule
 - Auke grunnbemanninga
 - Legge til rette for at ungane i barnehagane, og elevane ved skulen har gode og tidsrette læremidlar og utstyr
- Skape gode og trygge miljø, og forebygge mobbing og utestenging
 - Vidareutvikle kantinedrifta ved ungdomsskulen



Næring og utvikling

Eit mangfaldig næringsliv er viktig .Me skal vera med på å taka ansvar for dette. Me må stø
godt opp under dei etableringane me allereie har i kommunen og vera med på ei
vidareutvikling av eksisterande næring og komande næringsetableringar. Seljord skal bli ein
betre kommune for næringslivet og vera ein aktiv samarbeidspartnar. Kommunen skal ha
ein effektiv og forutsigbar sakshandsaming. Seljord kommune skal vera
eit populært reisemål for turistar. Det må satsast på eit breidt tilbod både sommar og vinter.

Arbeiderpartiet vil :

- Arbeide for gjennomføring av bustadbygging på Sinnesodden
 - Etablere offentlege arbeidsplassar
- Forvalte konsesjonskrafta til det beste for Seljord kommune
- Sikre areal som gjev god moglegheit for etablering av industri og handel, busetjing, hyttebygging og utvikling i heile kommunen
- Kjøpe steintippen som Statens vegvesen etablera i Krokan
 - Etablere eit prosjekt for vedlikehald av Brøøløs
 - Legge til rette for vidareutvikling av næringshagen
- Fjerne konsesjongrense 0, som vart innført sist periode



Kultur og frivilligheit

Kultur og frivilligheit har alltid vore viktig i Seljord kommune. og er med på å byggje og utvikle lokal tilhøyrighet og identitet. Frivillige lag og organisasjonar er viktige i verdiskapinga. Arbeiderpartiet vil støtte opp om desse, slik at vi får eit godt tilbod for alle. Kvardagen vår skal også innehalde gode og mangfaldige opplevingar, det bidreg til at vi har ein god trivselskommune.

Arbeiderpartiet vil :

- Gje tilskot og bidra til best mogleg rammevilkår for frivillige lag og organisasjonar i heile kommunen
 - Vidareføre tilbodet om Sommarskule
- Etablere fleire tilbod for ungdom, i tett samarbeid med dei unge
 - Styrke frivilligsentralen sitt arbeid
 - Styrke Granvin som regionalt kulturhus



Me er betre saman!



Våre kandidater :

1.Eivind Skogheim

Ordførarkandidat, 1953

2.Parvin Molazem

Varaordførarkandidat, 1989

3. Trond Johnsen

1966

4.Elisabeth Haugen

1965

5.Lasse Bastrup Nielsen

1975

6.Rita Andersen

1961

7.Jarand Jonskås Bekhus

1993

8.Aud Jonskås

1957

9.Kim Gøran Aakre Bringa

1987

10.Kristina Haugan Versto

1989

11.Sigbjørn Tvitekkja

1969

12.Inger Lognvik

1971

13.Ingvild Haugerud Øverland

1981

14.Jan Forberg

1957

15.Kjersti Bollerud

1984

16. Habteab Tewelde Weldetimsae

1981

17.Lena Renate Eilefstjønn

1977

18.Halfdan Haugan

1958

19.Hanne Norgaard

1982

20. Line Dahl Haugholmen

1981